Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10 — Fylke: V. Agder

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Nes

Emne: — Bygdelag:

Oppskr. av: Hans Seland — Gard: Seland

(adresse): Fl. fjord — G.nr. 90 Br.nr. 4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Om lynging har eg skrive i „Grannen" nå i vor i år (1948).

I min ungdom 1870–90 slo me mykjo lyng om haustane, alle bønder her. Vårt bruk fødde 4 kyr og 7–8 sauer. Vanleg slo me ei 70 byrdar med lyng. Lyngljåen var som ein stutt, stiv langorv-ljå. Helst laut jorda vera stiv av tele når slåtten stod på. Det gjekk vel vanleg ei 5 år mellom kvar gong me slo same teigen. Karfolk slo, alltid, og kvinnfolk raka og bestte byrdar som vart borne heim på rygg. Lyng høyrde til <u>vormalfôr</u>. Vart helst gjeve kyr og sauer middagen.

A 9. Me rekna helst lyng for bra fôr, – med måte.

Lyngslåtten fall helst <u>etter</u> treskinga. Kornet la me alltid inn i 2 kornståer i kornløa. Kornet etter den siste ståen vart då avlaust til lyng. Resten stuva me i låven.

Etter 1900 har det minka mykje med lyngslått. Grunnen mykjo som nemnd under lauving. Og dei gamle lyngteigane grodde til med så stor og grov lyng at ho var utenleg.

II Ukjend på desse kantane.

1678 Hans Seland, 80 år

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING